U. B. BERGEN
Ms. 1162/6

Toten 3/4 28.

Gamle venn!

Du maa orsaka avleidsla mi, at eg ikkje hev sendt aarspengarne for „Norrøna"! Ein vert so forstulla av alle desse „smaating og større ting og — som høyrer husstyed og embætte til. Eg let allting meir skura „som fyrr. Og so er det dette, at eg aldri vert ferdig med barn og skulegonga. I vetter hev eg ei dotter i Oslo og ein son paa Eidsvolls-gymnasiet, og ei dotter her paa millomskule.

Kona mi er ung og frisk, det set eg stor pris paa — endaa. Men: Kvar gledestund du fær paa jord, betaler maa (ikkje med sorg: tårer, hm!) men med strid og strev; men slik som det er gjeda i. Borni mine hev greidt seg godt paa skularne, og skulealdren fall inn i den dyraste tidi: men ferdige — so er det lite gjeke for dei.

Eg hev ein gild son, Anders, vart ferdig fraa høgskulen i Nidaros i fjor, 22 aar el. Han hev ein liten post paa Knabeheidi 10 mil uppe fraa Flekkefjord, uppi ville fjellet. Kan aanbjørl!

Eg er nokolunde frisk, det er ikkje som ofta plagar meg. Og minnet veiknar. Men endaa livnar baade fantasi og kjensla, naar eg preikar og talar. Men det strøymer lite nytt til;

Det er ùppatt mykje av det gamle, so eg med ofta leid og leid av meg sjølv. Har no 2 aar att til alders=grensa. Eg hev nigla og sett aatt meg og spara, og tenkte kjøpa meg eit lite hûs; men no ~~[illegible]~~ leid sparebanken her paa Toten hùslet — og der misser eg mange tûsund kr. Ein misser modet til aa vera ökonomisk. Det gjeng so likevel — til desse Champagne=bönderne! Harmelegt!
Vinstre bleiknar mykje av. Fyrst var det svikingi i Grön=lands=saki. So kom Vinstre med arbeidarstyret, utan at det var paa ei sak! Og no Scheldrup=saki!
Liver eg til neste val — so trur eg röystar med arbeidar=partiet. — Til sumaren skal eg til stemnor i Aùsterdalen og Tröndelagen. So kann hende ferd til Sunnmöre og Sogn — um det vert daa. Til Island fylgjer eg ikkje, eg ergrar meg svær, at det gjekk so gale med Snorre=pengarne!! Hannaas — ja, eg mistykte tiesingi hans ved studentjubileet, han fekk mange gjæve menner i mot seg ved det. Og med rette.
Ibsen=festen var vel eit storlag for — norsk-danskeu. Naar Bjørnsonfesten vert halden um 4 aar, skal vel maal=folket' rettleg skakkast. Aldri hev det set verre ùt for maalsaki enn no. Fær me ikkje arbeidarpartiet med, so vinn me aldri fram, altsaa eg. Men baade dù og eg hev daa den trøyst, at me hev gjort det me hev makta for saki.
Hjartelegt helsing til deg og frùa og borni!

Din

Anders Hovden